

allkunne.NO

Pressemelding

26. februar 2014

Lodve Solholm ny styreleiar i Allkunne AS

Lodve Solholm er på ekstraordinær generalforsamling 25. februar 2014 vald til ny styreleiar i Allkunne AS. Solholm tek over etter Reidar Sandal som har vore styreleiar sidan 2012.

Allkunne AS er eit nynorsk, digitalt oppslagsverk som er gratis tilgjengeleg på Internett og som mobilapplikasjon. Allkunne har publisert meir enn ti tusen artiklar og dei tilsette har kontor i Ivar Aasen-tunet. Allkunne AS er eit heileigd dotterselskap av Nynorsk kultursentrum.

- Allkunne har dei siste to åra hatt ein sterk vekst blant brukarane. Nettstaden har no over ti tusen kvalitetssjekka faktaartiklar og skal halde fram med å vekse vidare, seier Solholm. Han framhevar skuleelevar sin rett til å finne faktastoff på nettet på nynorsk.

- I dag brukar alle Internett til å hente informasjon og kvalitetssjekke fakta. Nynorskbrukarane treng ein påliteleg og redigert nettstad for å finne faktastoff og dette er Allkunne sitt samfunnsoppdrag, seier Solholm

Lodve Solholm (fødd 1949) frå Vestnes er fylkesmann i Møre og Romsdal. Han har vore stortingsrepresentant for Framstegspartiet i seksten år. Han er utdanna lærar. Sidan 2009 har han vore fylkesmann.

Det nye styret er samansett slik: Lodve Solholm, leiar (Ålesund), Grete Riise, nestleiar (Bergen), Sigrun Høgetveit Berg (Tromsø), Georg Arnestad (Sogndal), Brit Bildøen (Oslo), Jon Østbø (Oslo) og Stina Aasen Lødemel (Ørsta).

For meir informasjon:

Lodve Solholm: styreleiar: 415 15 524

Audhild Gregoriusdotter Rotevatn, dagleg leiar i Allkunne: 90 84 39 77

www.allkunne.no

På twitter: @allkunne

På Facebook:

Last ned Allkunne gratis i AppStore eller GooglePlay